

Velkommen til SFO



Valldal skule

Årsplan for 2018-19

TLF SFO: 70258516

www.norddal.kommune.no

Føreord

Denne planen er ei lita orientering til foreldre/føresette om mål, innhald og kva for aktivitetar vi har på SFO.
Planen er retningsgivande og det kan verte små endringar undervegs i skuleåret.

Valldal skule august 2018

Kristin Vangsnes Hjelme
Avdelingsleiar småskule/SFO





BERGEN KOMMUNE

Skolefritidsordningen er et frivillig aktivitets- og fritidstilbud for barn på 1. – 4. trinn og for elever med særskilte behov på 5. – 7. trinn.



Innhald

Føreord	2
Innhald	3
Orientering om SFO	4
Personale ved SFO	5
Hovudmålsetting og innhald	6-8
Dagsplan for SFO	9
Litt praktisk informasjon	10-11
Fritysdagar for 1. og 2. kl	12

Orientering om Skulefritidsordninga

På Valldal skule held SFO til saman med småskulen. Vi nyttar kjøkken/opphaldsrom, leikerom og grupperom. Elevane nyttar klassegarderobane. Enkelte dagar bruker vi også fellesarealet på småskulen.

OPNINGSTID: **Måndag, onsdag og fredag:**
kl. 07.20 til kl. 08.30 og kl. 14.10 til kl. 16.20

Tysdag (oddetalsveker) og torsdag: kl. 07.20 til kl. 16.20

Skuleferiar: kl. 07.20-16.20

MÅLTID:

Frukost: Dei som ikkje har ete frukost heime får gjere det fram til kl.08.20. Matpakke.

Lunsj: Tysdag og torsdag er det lunsj ca. kl. 10.55. Matpakke.

Frukt: Alle dagar mellom kl. 14.10 og 14.30 har vi litt frukt eller eit lett måltid. Dei som vil kan ta resten av matpakken.

SMØREMÅLTID: Etter haustferien og omlag halve skuleåret vil det bli smøremåltid til lunsj ved SFO (tysdag oddetal og torsdagar). I desse periodane treng ikkje barna å ta med matpakke.

Frukt, mjølk og smørjemåltid: Betaling for mat og drikke er ikkje inkludert i SFO betalinga og kjem i tillegg ein gong pr. halvår.

Kjøp av ekstra timar: Det er mogleg å kjøpe ekstra dagar/timar utanom fast plass dersom SFO har ledig kapasitet. Dette må avtalast på førehand. Det er ikkje mogleg å byte dagar. For barn som til vanleg ikkje nyttar SFO kan ein kjøpe dagar/timar etter avtale.

Påmelding og oppseiing: Påmelding er bindande. Plassen eller endringar kan seiast opp med 1 månads varsel frå 1. og 15. i månaden.

Betalingsatsar:

Fast plass	kr 29.-
Ekstra opphald	kr 43.-
I feriane utanom skuletid	165,- pr. dag

Personale ved skulefridtdsordninga:

Vi nyttar i stor grad same personalet ved SFO og skule. Dette gjer at barna føler seg trygge og vi får meir kontinuitet i arbeidet med barna.

Personalet har tett kontakt med lærarane på småskulen.

Personalet har faste personalmøter ein gong pr. månad og i tillegg 3-4 planleggingsdagar.

- Personale:**
- Kristin Vangsnes Hjelme - avdelingsleiar skule/SFO
tlf 70258512
 - Jofrid Fredriksen - assistent/dagleig ansvarleg sfo
 - Tina Skoge – assistent
 - Iwona Wilczura - assistent
 - Yvonne Dale -assistent

Telefon:	SFO	70258516
	SFO mobil	90637898
	Lærarrom	70258515

Elevar ved Skulefridtdsordninga:

I år er det førebels 19 elevar som har eit fast SFO tilbod. Antal elevar kan variere litt i løpet av året.

1. kl	9 elevar
2. kl	5 elevar
3. kl	1 elevar
4. kl	4 elevar

Hovudmålsetting og innhald:

Opplæringslova -§ 13-7. Skolefritidsordninga

Kommunen skal ha eit tilbod om SFO før og etter skuletid for 1. - 4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1. - 7. årstrinn. SFO skal leggje til rette for leik, kultur og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. SFO skal gje barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal gjevast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vere eigna til formålet.

Overordna mål

-SFO skal **gje omsorg og tilsyn** og legge til rette for leik, kultur og fritidsaktivitetar.

-SFO skal **styrke barna si sosiale utvikling og uformelle læring**, og bidra til fysisk utfalding og gode matvanar.

-SFO skal vere tilgjengeleg for alle barn, fremme deltaking og medverking og **vere inkluderande for alle**.

-SFO skal saman med skulen **bidra til heilskap og samanheng i barna sitt oppvekstmiljø**. Samarbeid med foreldre og ressursar i nærmiljøet er viktig i dette arbeidet.

Eit godt miljø

SFO skal gje barna eit godt miljø som fremmer helse, trivsel og læring (jf.opplæringsloven § 9a1 og 9a8).

SFO skal bidra til å fremme gode sosiale og miljømessige forhold samt førebygge sjukdom og skade (jf. forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular).

I SFO skal eit godt miljø kjenneteiknast av at barna blir sett og anerkjent, mangfaldet blir respektert og det er rom for samarbeid, dialog og meiningsbrytning. Miljøet skal bidra til inkludering av barn uavhengig av funksjonsnivå og sosial og kulturell bakgrunn.

Verdigrunnlag og utøving av vaksenrolla

Skolen og SFO tuftas på det same verdigrunnlaget. Felles normer og regler fører til eit betre og tryggare miljø ved at barna møter forutsigbare vaksne på begge arenaer.

Dei vaksne skal vere tydelege leiarar og gode førebilete for barna.

Vaksne skal involvere seg aktivt i barna sin leik, vise dei tillit og gje ansvar der det er naturleg.

Positiv kontakt, ros og oppmuntring aukar barns sjølvrespekt.

Ros og positiv merksemd verkar motiverande og relasjonsbyggjande.

Tryggleik er viktig for at barna skal trivast på SFO, derfor er det viktig at barna møter dei same normene og reglane som skulen har. Når elevane er trygge på kvarandre, utviklar dei vennskap på tvers av alder, noko som er ei positiv oppleving for alle.

Ein vil legge stor vekt på frileik. Vi vaksne skal vere til stades for dei og legge til rette for god leik og læring.

For dei yngste vil kanskje miljøet opplevast litt uoversiktleg i starten, men dei finn seg som regel fort til rette.

Kontakt oss dersom de lurar på noko og fortell oss dersom det er «spesielle ting» med barna som er nødvendig å vite.

Barna skal gjennom leiken:

- Få erfaring med å løyse konflikhtar og få sosial erfaring.
- Kunne uttrykke egne behov i gruppa og ta omsyn til andre.
- Ta del i barna sin eigen kultur i samvær med andre barn.

Frileik

SFO vil legge til rette for frileik, men der vil og vere vaksenstyrte aktivitetar i periodar eller enkelte dagar. Dei fleste av aktivitetane kan elevane sjølv velje om dei vil delta i.

Dersom du spør elevar i småskulen kva dei likar best på skulen/SFO, er svaret frileik eller gym. Frileik kan vera ein planlagt time på vekeplanen, eller det kan vera eit avbrekk i den vanlege skuledagen gjerne som ein slags premie for god innsats.

På SFO kan elevane velja mellom mange ulike aktivitetar, og dei kan velja om dei vil finna på noko åleine eller samarbeida med andre. Dei organiserar aktivitetane sjølve, noko dei etter kvart vert flinke til.

I ein krok kan nokre elevar byggje lego. To elevar kan spele spel, medan nokre elevar vil leike butikk. Dersom nokon ynskjer litt tid for seg sjølve, kan dei finna seg ei bok i bokkassa, eller kanskje teikna /pusle eller legge nabbi.

I ein skulekvardag der dei vaksne bestemmer det meste av det som skal skje, er fri leik i friminutt og på SFO eit kjærkome og lærerikt pusterom.

Fysisk aktivitet og turar ved SFO:

Gode vilkår for fysisk aktivitet er viktig på SFO. Ein vil difor prøve å legge opp til nokre turdagar når det er to eller fleire vaksne. I år vert dette stort sett lagt til feriane utanom skuletida. Uteleik på skulen sitt område vil også bli prioritert. Den nye idrettshallen kan vere greitt å nytte enkelte ettermiddagar eller på dagtid når den er ledig.

På turdagen vil det vil bli hengt opp lapp på kjøkkendøra med informasjon om kvar turen går, når vi er tilbake og eit mobilnummer de kan nå oss på. Vanleg turtid på SFO er mellom. kl.10.30-14.00.

På turdagar må elevane ha med seg ein sekk til å ha mat, drikkeflaske, sitteunderlag og litt ekstra kle i.

Måltider ved SFO:

SFO kvardagen er viktig for utvikling av et sunt kosthald og god helse. Det er difor viktig å tilby elevane sunn og næringsrik mat. I tillegg kan måltidet nyttast som arena for læring og gode sosiale samspill. Halve året har vi smørjemåltid tysdag og torsdagar. Elevane får da vere med å bake brød/rundstykke til måltidet. Elvane har frukt eventuelt enkle smårettar etter skuletid. Dei kan også ete nistemat som dei har med seg.

Temaarbeid på SFO / månadsplan:

Temaarbeid på SFO vil i stor grad følgje årstider og dei store høgtidene. Ein legg opp til formingsaktivitetar, matlaging, ulike aktivitetar inne og ute på leikeområdet, samt turdagar knytt til tema. På SFO vil det bli laga ein aktivitetsplan, månad for månad. Denne vil henge på tavla i gangen. Dersom det er nokon av foreldra som ønskjer planen, kan dei hente eit eksemplar her. Dette er ikkje ein detaljplan, men viser i store trekk kva ein vil jobbe med denne perioden. Planen kan likevel verte endra ved behov. Vi synes det er viktig å halde på litt spontanitet i ein elles regulert kvardag.



Dagsplan for sfo

MÅNDAG – ONSDAG - FREDAG

07.20	Frukost
08.30	Skule
14.10	Samling/opprop/fruktmåltid
14.30	Leik/aktivitetar.
16.20	SFO stenger

TYSDAG (oddetal) -TORSDAG

07.20	Frukost
08.30	Leik/aktivitetar ute/inne (turar)
14.10	Samling/opprop Fruktmåltid
14.30	Leik/aktivitetar.
16.20	SFO stenger



Litt praktisk informasjon

Levering og henting: Vi vil at både barn og voksne skal føle seg velkomne når dei kjem. Ved levering om morgonen vil vi at de skal følge barnet inn for registrering. Ta gjerne ein prat dersom det er ting du vil drøfte med personalet angående barnet ditt eller vil gje ein beskjed .

Sei alltid ifrå til ein vaksen når barnet blir henta om ettermiddagen. Dersom barnet vert henta av andre enn det som er vanleg vil vi ha melding om det på førehand.

Sjuke barn: Gje beskjed når barnet ikkje kjem på grunn av sjukdom eller vert heime.

Beskjedar: Vi ønskjer skriftleg/ munnlege meldingar **frå foreldre/føresette**. Vi kan ikkje forholde oss til munnlege beskjedar frå barna. Dersom desse rutinane vert følgt, sparer det oss for unødvendige undersøkingar og bekymringar.

Leiker: Leiker/ting som barna tek med kan ikkje skulen ta ansvaret for om det vert øydelagt eller kjem bort. Vi ser helst at dei ikkje tek med seg ting heimanfrå.

Reglar: Alle reglar som gjeld på skulen, gjeld også for SFO.

Lekser i SFO tida:

På Valldal skule har ein i samråd med FAU lagt leksehjelpe til 5.-8. klasse. Dersom nokon ønskjer å gjere lekse i SFO tida, kan personalet **etter avtale** med foreldre tilrettelegge for at barna kan arbeide på eige hand. Vi har ikkje nok bemanning på SFO til å hjelpe til med lekser.

Klede: Alle som skal vere på SFO må vere kledd for all slags ver sommar og vinter. Til dømes ute dress, lue, ute/-innesko, støvlar/cherrox, tjukke sokkar, vottar og varm genser.

Det er og viktig med eit fullt ombyte med ekstrakle.
HUSK AT ALLE KLE MÅ VERE MERKA !



Studiedagar:

SFO vert stengt 3 studiedagar fordelt på haust og vår.

Studiedagar haust 17

6. august

16. august



Studiedagar vår 18

2. januar (kan verte endra)

NB! SFO i feriane:

Det er færre barn som nyttar SFO tilbodet i feriane. Tilbodet utanom skuleåret vert difor behovsprøvd.

SFO kan verte stengt:

- Enkeltdagar i feriane (før og etter skulestart, haust og vinterferie) dersom det er få barn.

-Jul og påske dersom det er få barn.

-Stengt 4 veker frå 2. veka i juli – 2. veka i august.



Oversikt over fritysdagar for 1. og 2. kl

1. klasse har fri følgende tysdagar frå skulen, og har eit tilbod ved SFO heile dagen (oddetalsveker):

Haust – 18

Veke 35
Veke 37
Veke 43
Veke 47
Veke 51

Vår – 19

Veke 5
Veke 11
Veke 15
Veke 21
Veke 23
Veke 25

2. klasse har fri følgende tysdagar frå skulen, og har då eit tilbod ved SFO heile dagen: (oddetalsveker)

Haust – 18

veke 43
veke 47

Vår – 19

Veke 5
Veke 21
Veke 23



Finne info om SFO på Valldal skule si heimesida: <http://www.valldal.gs.mr.no/>